

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.03.2018

I samband med RS 11/18 «Invitasjon til fylkeesting for ungdom 2018» informerte møteleiar **Marius Hellan Hindenes** om at leiar og nestleiar i Ungdommens fylkesutval skal delta. Det vert og ei moglegheit til å diskutere regionaliseringsprosessen med leiar og nestleiar i Sogn og Fjordane.

Ingeborg Strandberg informerte om at det var ønskjeleg at leiar for Ungdommens fylkesutval i Hordaland og Sogn og Fjordane møtte fellesnemnda for å orientere om kva som var viktig for ungdom i regionaliseringsprosessen. Mogleg dato for dette er 5. mai.

Marius Hellan Hindenes sette fram slikt vedtak:

«Alternativ:

I den nye regionen skal det vere 1 samla Ungdommens fylkeesting / Fylkeesting for ungdom og 1 samla Ungdommens fylkesutval / Ungdomspolitisk utval.»

Røysting

Hindenes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

I den nye regionen skal det vere 1 samla Ungdommens fylkeesting / Fylkeesting for ungdom og 1 samla Ungdommens fylkesutval / Ungdomspolitisk utval.

Trøndelag fylkeskommune har invitert til eit møte for fylkeskommunale medverknadsorgan for ungdom der dei skal informere om den prosessen dei har vore igjennom. Denne er 6. april, med påmeldingsfrist 22. mars. Møteleiar **Marius Hellan Hindenes** bad om at dei som var interessert meldte seg.

Jonas Arlie Ådlandsvik Askeland gjorde framlegg om at han sjølv skulle delta.

Sander Molland gjorde framlegg om at han sjølv skulle delta.

Røysting

Akseland og Molland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Jonas Arlie Ådlandsvik Askeland og Sander Molland deltek på informasjonsmøte til Trøndelag fylkeskommune 6. april.

Vegard Kleppe sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Møtet 7. mai vert flytta til 14. mai.»

Røysting

Kleppe sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Møtet 7. mai vert flytta til 14. mai.

Anna Elisabeth Øyrehagen Aksenvoll sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Ungdommens fylkesutval ønskjer å samarbeide med Ungdommens bystyre i Bergen og vil invitere dei til eit møte.»

Røysting

Aksenvoll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Ungdommens fylkesutval ønskjer å samarbeide med Ungdommens bystyre i Bergen og vil invitere dei til eit møte.

Julie Henriette Langum sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

To nye personar vert vald til å delta i nettverk for folkehelseplanen.»

Vegard Kleppe sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Ein vert vald frå område for opplæring og helse og ein vert vald frå området for kultur, idrett og regional utvikling.»

Jonas Arlie Ådlandsvik Askeland gjorde framlegg om at han sjølv skulle delta.

Malene Alsaker gjorde framlegg om at ho sjølv skulle delta.

Røysting

Langum sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Kleppe sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Alsaker sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

To nye personar vert vald til å delta i nettverk for folkehelseplanen. Ein vert vald frå område for opplæring og helse og ein vert vald frå området for kultur, idrett og regional utvikling.

Ungdommens fylkesutval vel Jonas Arlie Ådlandsvik Askeland og Malene Alsaker som sine representantar i nettverk for folkehelseplanen.

Marius Hellan Hindenes sette fram slikt forslag:

«Endring:

Miljø og samferdsel

Ida Heggland (leiar)
Julie Langum

Opplæring og helse

Malene Alsaker (leiar)
Sander Molland
Oda Medhus

Kultur, idrett og regional utvikling

Jonas Askeland (leiar)
Jens Andersen
Lisa Bøthun

Eigen organisasjon

Vegard Kleppe (leiar)
Marte Kristoffersen»

Røysting

Hindenes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Miljø og samferdsel

Ida Heggland (leiar)
Julie Langum

Opplæring og helse

Malene Alsaker (leiar)
Sander Molland
Oda Medhus

Kultur, idrett og regional utvikling

Jonas Askeland (leiar)
Jens Andersen
Lisa Bøthun

Eigen organisasjon

Vegard Kleppe (leiar)
Marte Kristoffersen»